

Kristenliv på Haramsøya

Av Sevrin G. Ulla

Eit og anna om kristenlivet på Haramsøy i slutten av førre hundradår. Nedskrive etter opfordring frå ein utflyttar som har slektsrøter attende til Haramsøy. Bestemor til Sevrin G. Ulla var Petrine Berntsd. Ulla f. Haram (1861-1948) frå Petter-garden på Haram.

I mine besteforeldre si tid var det vanleg her på Haramsøy at nokon las "vanjiljå" dei sundagane det ikkje var gudsteneste i kyrkja. Dialektordet "vanjiljå" tyder evangeliet. Her på Ulla var det Gamle-Nils i Kari-garden som las "vanjiljå" den tid bestemor mi hugsar, og naboar som hadde høve til det, samlast då i stova sundag føremiddag og hørde på han som las. Det vart lese or bøker med preikesamlingar for kvar sundag gjennom kyrkjeåret. Bøker som vart nytta den tid kan nemnast: Lars Linderot: Huspostille. Pastor C. H. Spurteon: Stråler frå Korset.

Bestemor mi var frå Petter-garden på Haram. Ho fortalde frå si barndomstid då alle husa stod samla i gamletunet nede ved kyrkjestaden på Haram, at karane gjekk ein tur ned på "mølen" nedanfor nausta sundag formiddag og sidan opp i stova der det vart lese "vanjiljå" på Haram. Når borna var ute og leika sundags kvelden, fekk dei påminning frå foreldra om å koma inn att til den tid dei skulde halda "kor" (kveldsandakt). Det var vanleg i bestemor sin barndomsheim. Ho minnest frå barnedagane at det vart halde eit opbyggingsmøte ute på tunet på Haram. Det var ei kvinne frå Ertresvåg i Vatne som heldt møte, ho tala og song. Vågs-Ingebær, sa dei i dagleg tale. Myskja- Martinus som budde på Myskja var og med på møtet. Bestemor var den gongen i 11-12 års alderen (f. 1861) og ho vart so glad i ein salme som den framande kvinna song på møta, og tok seg føre å lære heile salmen utanboks. Det var Brorson-salmen: "Saligheten er oss nær..." Heime hadde dei eit Tonespel, Salmonikon, eit stryke-instrument med ein streng. Instrumentet var plassert på eit bord, og det var mykje nytta ved songøving i skulen.

Andreas H. Grytnes var lærar og klokkar på Haramsøy i tida 1881-1895. Han var ein dugande lærar og ein aktiv forkynnar. Sokneprest P. Hove skriv i Haram kyrkjesoge s. 126: "Då Grytnes kom til Haram i 1881 kalla Barman han til teneste millom fiskarane i Haram. Han var straks viljug, og under han nådde fyrkynnar-verksemda millom fiskarane sitt høgdepunkt. På Ulla samla han fiskarane i Tranbrenneriet. Ofte trengde det seg 150-200 menneskje inn i det tronge huset."

"I samband med fråsegna om verksemda for 1883 til sokneprest og biskop, søkte Grytnes om stønad av det offentlege til å byggja eit samlingshus for fiskarar på Ulla, med lesesal og møtesal. På Ulla måtte det vere ei oppgåve for det offentlege å gjeva stønad til eit slikt hus, på same møte som statstyret nokre år i forvegen hadde gjeve stønad til eit forsamlingshus i Sør-Gjeslingane, skreiv han. Men søknaden vart ikkje stetta.

Grytnes melder i fråsegna om forkynnarverksemda under vinterfisket i 1884: Edruelighets-forholdene har vært gode, untatt på Ullahammer hvor utskjenking finder sted. "Det var op til 400 framande fiskarar samla på Ulla i fiskjetida, forutan dei som høyrer til staden seier han. "

Denne tida i midten av 1880 åra var ei vekkingstid, som førde til omvending og nytt liv for mange. Det var særleg lekpreikaren Paul Gerhard Sand som verka her på Sunnmøre den tid. Og Grytnes reiste mykje som forkynnar. Han var ein av leiarane i indremisjonen på Sunnmøre.

Grytnes var også lærar på Ulla. Når skulehuset vart bygd i 1886, so heldt han ofte møte her. Ved fyret på Kvernholmen var det Anders Rønnestad som var fyrvaktar denne tid. Han hadde stor familie, mange skulepliktige born som gjekk på skule her. Og det var ein slik musikalsk familie. Borna til Rønnestad var so flinke i song og musikk, dei hadde eit heilt musikk-lag heime, leida av Pauline, den eldste i syskenflokk. Sume av borna i krinsen her var også med i songen når det var møte i skulehuset. Her var den tid kring 20 skulepliktige born, med todelt skule i 1891. Dei gamle snakka ofte om Rønnestad-Pauline og songarane hennar.

I Haram Kyrkjesoge av Peter Hove er det fortalt at det vart bygd eit stort bedehus på Åkre i 1889. Under innvielsen av huset møtte det fram 1200 menneskje! Dette huset vart

nedrive av stormen i 1899, og det vart oppatt bygd noko mindre. Det er nemnt at i 1892 heldt Grytnes 42 møte der , og nokre andre talarar heldt der 7 møte same året. Den 28. oktober 1889 skipa Grytnes Haramsøens indremisjonsforening. Det vart vedteke å halde møte ein eller to gonger kvar sundag, og dertil kvar onsdag kveld.

Bestemor fortalde at det var ei vekkingtid også i 1890-åra her på Haramsøy. Talaren som verke her på Ulla, heitte Mons Olsen, han reiste for Indre Sjømannsmisjon. Ein gamal lekpreikar som skreiv seg for Engvik, frå Nordmør, reiste her i midten av 1930-åra, han fortalde at han hadde vore her på Ulla som forkynnar den tid dei dreiv fiske i opne båtar. Han hugsar kor fiskarane var ihuga å koma seg heim frå sjøen og ver med på kveldsmøte.

Ja dette vart eit og anna om farne dagar på Haramsøy. Tida forandrar seg so fort på mange måtar, men BUDSKAPET er det same!